

Torkel Stensletten  
Kantorveien 4 B  
1410 Kolbotn

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5070 Rosendal.

Kolbotn, 04.10.2021

### **Spørsmål om framdrift i arbeidet med ny reguleringsplan for Børnes næringsområde.**

I kommunestyremøte 25. mars 2021 vart det vedteke å utsetja godkjenning av den nye reguleringsplanen for Børnes næringsområde. Då var vel planen ferdig frå kommunen si side. Godkjenninga vart utsett på grunn av at referansegruppa for Børnes næringsområde ikkje var nøgde med planen slik den låg føre.

Det skulle opprettast ei ny gruppe samansett av politikarar og den såkalla referansegruppa for Børnes næringsområde, som saman skulle koma fram til ei løysing som partane kan verta samde om.

Eg er eigar av den eine av dei to bustadeigedomane som får dei største ulempene med den nye planen. Eg hadde venta at kommunen ville informera oss om korleis det vidare arbeidet med planen vil føregå. Det har no gått eit halvt år sidan utsetjinga, og det føreligg ikkje informasjon i noko slags form til oss som er grunneigarar.

Eg registrerer at det frå ansvarleg hald i kommunen er uttrykt at det er svært uvisst kva tid den nye reguleringsplanen vert godkjent. Dette ser eg på som lite tilfredsstillande. Ein skulle venta at det vart laga ein tidsplan for det vidare arbeidet, slik at vi som vert råka av den nye planen har ein dato å retta oss etter.

Eg ser med undring at den største grunneigaren på Børnes, Eidsvik & Selstad Eigedom AS, søker om nytt tiltak på sitt område. Dette i samsvar med gjeldande reguleringsplan, altså den gamle frå 1978. Det same selskapet er med i referansegruppa som fekk utsett godkjenninga av den nye planen.

Av forståelege årsaker, ser eg fram mot eit endeleg politisk vedtak av planen, slik at eg har eit resultat som grunnlag for arbeidet mitt vidare med kva som skal skje med eigedommen min.

Med helsing

Torkel Stensletten